



Møre og Romsdal
fylkeskommune

saksframlegg

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
14.09.2022	123471/2022	Kai Bedringås

Saksnr	Utval	Møtedato
	Samferdselsutvalet	29.09.2022
	Fylkeskommunedirektøren - innstilling	29.09.2022
	Fylkesutvalet	04.10.2022
	Fylkestinget	17.10.2022

Trollstigen: Forprosjekt - tunnel/ fjellsikring

Fylkeskommunedirektøren si innstilling:

Fylkestinget bestiller eit forprosjekt for vidare utgreiing av alternative løysingar for sikring av Trollstigen, som grunnlag for eit konseptval og vidare planlegging. Det blir sett av 6 mill. kroner for forprosjektet, dette beløpet blir å innarbeide i økonomiplan 2023-2026.

Fylkestinget ber sentrale styresmakter om at fylkesveg 63 Trollstigvegen (Trollstigen) blir ein pilot for besøksbidrag, som omtala i Hurdalsplattforma.

Bakgrunn

Innleiing

Dette saksframlegget foreslår eit forprosjekt for fylkesveg 63 Trollstigvegen (heretter Trollstigen) for å greie ut aktuelle sikringstiltak samt kostnadsoverslag. Saksframlegget foreslår også besøksbidrag for å finansiere tiltak for auka trafiksikkerheit på strekninga.

Fv. 63 Trollstigen er freda og tiltaksområdet er inne i Trollstigen landskapsvernområde (2006). Trollstigen er ein av 18 nasjonale turistvegar, og er ein av dei best besøkte turistvegane i Norge.

Tidlegare politiske vedtak


Vedtak i sak SA-16/19:

- «Oppretting av radar-overvaking/varsling, finansiert av nasjonale rassikringsmidlar
- Stenging av vegen ved risiko for skred
- Samferdselsutvalet ber administrasjonen leggje fram sak ang. gjennomføring av alternative skredsikringstiltak slik som fanggjerde, opprensing osv.

Samferdselsutvalet ber om at det blir starta eit arbeid med utgreiing av eventuell innføring av turistskatt (betaling for fellesgode) i Møre og Romsdal. Utgreiinga må vurdere kva geografisk område som kan vere aktuelle, heimelsgrunnlag/lovgrunnlag for innføring, kva type fellesgode ein slik skatt kan finansiere og korleis den kan utformast.»

Forprosjekt – sikring av Trollstigen

Eit forprosjekt vil greie ut dei foreslåtte alternative i rapporten «Sikring mot steinsprang og isnedfall på fv. 63 Trollstigvegen» av Statens vegvesen i 2019, kap. 6 «Videre arbeid». Rapporten foreslår to alternativ: Alternativ A - Fjellsikring i dagen dvs. fjellrensk, sikring og fanggjerde (merka raudt i figuren under) og alternativ B - Tunnel og fanggjerde (merka blått i figuren under). Kjellstadlinja har flest skred-registreringar i dette området, ifølgje rapporten «Skred. Naturfarevurdering av Trollstigen» av Statens vegvesen i 2018.



Figur 1: Aktuelle skredsikringstiltak i Trollstigen. Alternativ A: Fanggjerde, fjellrensk og sikring (raude linjer). Alternativ B: Tunnel og fanggjerde (blå linjer). Kjelde: Statens vegvesen, «Skred. Sikring mot steinsprang og isnedfall på fv. 63 Trollstigvegen», 2019.

Vidare arbeid i eit forprosjekt for dei to alternativa vil bestå i blant anna:

- Alternativ A: Fjellsikringsalternativet
 - o Ytterlegare undersøkingar i lausneområdet med drone og eventuelt tau-gåande personell
 - o Oppdatere sikringsmengder
 - o Fastsette fanggjerdelengder og fundamenteringsforhald
 - o Tredjepartskontroll av foreslåtte sikringstiltak og restrisiko
 - o Dialog med turistnæringa om periodar med stengt veg
- Alternativ B: Tunnelalternativet
 - o Ingeniørgeologisk kartlegging av bergmassen for tunnelalternativet
 - Omfang av bergsikring:
 - I tunnel
 - I forskjering
 - Fastsette påhoggsflater
 - Portallengder
 - o Fastlegge fanggjerde-lengde og fundamenterings-forhald
 - o Undersøke alternative føringsvegar for straum til tunnel

Det er usikkerheit knytt til kostnader for fjellsikringsalternativet (alternativ A) grunna:

- Sikringsmengdene vil vere usikre
- Dårlig vær
- Skadar på vegbanen under reinsk
- Fare for personskadar

Det vil også vere usikkerheit knytt til kostnader for tunnelløysinga, altså alternativ B.

Den nemnte rapporten «Sikring mot isnedfall på fv. 63 Trollstigvegen» frå 2019 anbefalar å vente med å velje mellom alternativ A eller B før ovanfor nemnte undersøkingar er utført, og nytt kostnadsoverslag ligg føre. Forprosjektet skal også innehalde eit nytt kostnadsoverslag. Notatet «Oversikt over aktuelle skredsikringstiltak på Fv. 63 Trollstigen» i mai 2022 inneheld m.a. ei oversikt over aktuelle sikringstiltak, med forslag til prioritering.

Tilsette i Statens vegvesen har svært god kjennskap til Trollstigen, og det vil vere ein stor fordel om dei kan tenke seg å bidra inn i eit slikt forprosjekt. Det vil og bli behov for å engasjere eksterne konsulentar. Eigne ressursar (planprosjektlear, ingeniørgeologar m.m.) vil også delta i eit slikt forprosjekt. Forprosjektet er estimert til 6 mill. kroner. Det er usikkerheit knytt til dette talet, fordi omfanget av arbeidet er ikkje heilt klart. Det vil vere viktig å gjere eit skikkeleg arbeid i eit slikt forprosjekt, fordi elles blir det trong for å starte opp att nesten frå start igjen, på eit seinare tidspunkt.

Finansieringsstatus for Trollstigen

Trollstigen er omtala i investeringsprogram for fylkesvegvar med sikring av Kjelstadlinja på 2. plass i posten store skredsikringsprosjekt (sak SA-52/22). I investerings-programmet er det ført opp ein venta kostnad på om lag 320 mill. kroner for alternativ B - tunnel og fanggjerde. Det er usikkerheit knytt til estimatet i investeringsprogrammet, og prosjektet manglar finansiering. I gjeldande økonomiplan er det berre driftsmidlar for naudsynt trafikkdirigering i Trollstigen.

Besøksbidrag

Eit besøksbidrag kan bidra til å finansiere viktige fellesgode som sikringstiltak mot naturfarar i Trollstigen, samt etablering og drift av rasteplassar og toalett.

Heimelsgrunnlag/lovgrunnlag for besøksbidrag

Det er ikkje heimel til å ta inn eit besøksbidrag for å finansiere og utvikle turistområde i dag. Dette er truleg i endring. Frå Hurdalsplattforma s. 17:

«Regjeringen vil... Sikre lokal verdiskaping og tilrettelegging ved å gi kommuner mulighet til å innføre besøksbidrag. Det skal raskt settes i gang ett eller flere pilotprosjekter, for eksempel i Lofoten, basert på lokalt initiativ.»

Det bur få personar langs fylkesveg 63 samanlikna med talet på turistar. Dette taler for at «det må finnes andre løysningar» (enn frivillige finansierings-ordningar) jf. side 82 i avsnitt «5.3.3 Finansiering av fellesgoder» i Stortingsmeldinga «Opplev Norge – unikt og eventyrlig» frå 2016-2017. Turistane sitt behov for fellesgode er langt større enn behovet til lokalbefolkninga, så eit besøksbidrag kan vere aktuelt å gå vidare med.

Utforming av besøksbidrag

Reisande som kjem med fly eller skip til Svalbard betaler ei miljøavgift på 150 kroner per person. Fastbuande på Svalbard må også betale, men kan få refusjon.

Eksempel på besøksavgift andre stader i verda:

Italia: 7,5 euro (ca. 75 kroner) for vaksne og 4,5 euro (ca. 45 kroner) for barn for å besøke nasjonalparken Cinque Terre på vestkysten, ca. 1,5 time med buss sør for Genova.

USA: Nasjonalparkane Yellowstone (Wyoming), Rocky Mountain (Colorado) og Grand Canyon (Arizona): 35 dollar per køyretøy (gyldig i 7 dagar).

Rundt 160 000 køyretøy passerer Trollstigen i sesongen frå mai til og med oktober kvart år (talet varierer), ifølge rapporten til Vegvesenet (2018) med tittelen «Skred. Naturfarevurdering av Trollstigen», figur 13, side 19. Eit besøksbidrag på 150 kroner per køyretøy og 160 000 årlege passeringar vil gi ei brutto, årleg inntekt på 24 mill. kroner. Dette beløpet vil bli eit viktig bidrag til finansiering av tiltak i Trollstigen. Dersom det blir tillate å innføre eit besøksbidrag, vil fylkeskommunedirektøren foreslå at fastbuande langs fylkesveg 63 mellom Sogge bru og Geiranger får eit fripass etter søknad til fylkeskommunen.

Geografisk utstrekning

Eit besøksbidrag vil bidra til tiltak på fylkesveg 63 frå Sogge bru til Geiranger.

Vurdering

Opprusting av fylkesveg tunnelar etter tunnelsikkerheitsforskrifta, oppgradering av ferjekaier, samt vedlikehald av bruer krev store beløp frå fylkeskommunen. I tillegg kjem mange andre samferdselsoppgåver som fylkeskommunen har. For å få framdrift i sikringa av Trollstigen, vil fylkeskommunedirektøren likevel foreslå:

- eit forprosjekt for å greie ut alternative sikringstiltak for Trollstigen. Forprosjektkostnaden er estimert til 6 mill. kroner og vert å innarbeide i økonomiplan 2023-2026.
- å søke sentrale styresmakter om å opprette ein pilot for besøksbidrag til Trollstigen. Besøksbidrag skal gå til tiltak langs fylkesveg 63 mellom Sogge bru og Geiranger.

Gunn Randi Seime
Konst. fylkeskommunedirektør

Arild Fuglseth
samferdselsdirektør

Vedlegg

- 1 40143-GEOL-R1 Fv63 Trollstigen_Naturfare-SVV
- 2 40143-GEOL-R2 Sikring mot steinsprang og isnedfall på fv.63 Trollstigvegen
- 3 Oversikt over aktuelle skredsikringstiltak på Fv. 63 Trollstigen